

	<ol style="list-style-type: none"> 2. Regionalt tiltaksprogram 3. Regionalt overvakingsprogram 4. Handlingsprogram <p>Kommunane og vassområdet er sjølvstendige høyringsinstansar. Styringsgruppa ønskjer at høyringsfråsegna frå styringsgruppa skal følgje saka til kommunane (jf. styringsgruppemøte 06.03.14). Saksutgreiing med anbefalt vedtak frå arbeidsgruppa er lagt ved (vedlegg 3). ØTB vil gje ei kort utgreiing på møtet om regulanten sitt syn på forslag til Regional forvaltningsplan.</p>
07.04	<p>Høyringsmøte/ temamøte i vassområdet</p> <p>For å informere om høyringa av regional vassforvaltningsplan er intensjonen at alle vassområda skal gjennomføre lokale høyringsmøte. Arbeidsgruppa har derfor begynt å planlegge eit høyringsmøte i Aust-Telemark VO. I tillegg til informasjon om regional forvaltningsplan og høyringsprosessen, ønskjer vi å ta opp eit tema som engasjerer lokalt.</p> <p>Forslag frå arbeidsgruppa til tema på møtet, er påverknader/ aktuelle tiltak i nedre del av Måna. Vi ønskjer at denne vassførekomsten blir sett i samband med Auståe, Veståe, Vestfjorden og Rollag nedre når det gjeld planlegging av tiltak. Desse vassførekomstane har mange typar påverknader (vasskraft, kanalisering, vegbygging, oppdyrking, kommunalt avløp, avrenning frå avfallsplassar m.m.).</p> <p>Jan Heggenes har sagt seg interessert i å delta på eit møte om Måna og gjera greie for fiskeundersøkingar i Måna/ Tinnsjø og kva som kan vera aktuelle tiltak for å få tilbake eit betre fiske i elva. ØTB v/ Nicolai Østhus vil gjera greie for Møsvass-konsesjonen.</p> <p>Vidare planlegging av høyringsmøtet etter synspunkt/ innspel frå styringsgruppa.</p>
07.05	Eventuelt

Ver venleg å gje beskjed innan 29.september dersom du blir forhindra i å møte.

VEL MØTT!

Med helsing

Liv Rigmor Flå
 prosjektleiar
 Aust-Telemark VO
 tlf. 350 82 826/ 95 92 46 02

Vedlegg:

1. Referat frå styringsgruppemøtet 06.03.2014
2. Årsrapport 2013
3. Utkast til saksutgreiing/ høyringsfråsegn frå styringsgruppa ang. høyring av regional forvaltningsplan